

Kontaktinfo

Gjeld både om ein ønskjer å få ein besøksven eller bli ein besøksven.

Diakon: Ingebjørg Isane Fure

Tlf.: 966 18 048.

E-post: ingebjorg.fure@gloppen.kyrkja.no

Gloppen kyrkjekontor, Åsavegen 130, Sandane

Ein kan også snakke med soknerådsleiar i det enkelte sokn, eller sokneprest.

Viss ein vil bli besøksven kan ein også registrere seg på www.frivillig.no Søk opp Gloppen kyrkjelege fellesråd. Alternativt sjå saka «Dugnadskort Gloppen sokn» på www.gloppen.kyrkja.no



Foto: S. Buisinne, Pixabay

BESØKSTENESTE

*Du kan:
- få ein besøksven
- eller bli ein
besøksven*



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Gloppen



Om besøkstenesta

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, og besøkstenesta er ein del av det diakonale arbeidet i kyrkjelydane. Det er eit tilbod til menneske som av ulike grunnar ønskjer ein besøksvenn. Målet er at menneske skal få oppleve fellesskap og kontakt med same person over tid.

Besøkstenesta kan også vere ein dørøpnar til at ein får tilhøyrslø i større fellesskap der besøksvenn og den som får besøk, kan gå i lag.

Det som her kallast besøksteneste omfattar også aktivitetsteneste; når ein vil gjere noko saman utanfor heimen.

Få ein besøksvenn

Besøkstenesta er for deg som ønskjer å snakke med nokon eller gjere noko saman med eit medmenneske, enten ein er ung eller eldre. Ein besøksvenn er ein du kan prate og drikke kaffi med, gå tur, lese med, gå til kyrkje, dele kultur-opplevingar, osv. Kontaktpersonen (diakon) prøvar å kople personar med same interesser.



Foto: E. Akvurt, Pixabay

Gjennom livet vil ein vere både den som gir og den som tek imot. Menneskeverdet er uansett det same. Alle er verdt å ha nokon som ser og lyttar til ein. Vi ønskjer at det skal vere låg terskel for å spørje etter ein besøksvenn.

Bli ein besøksvenn

Den som besøker gjere en frivillig innsats. Å vere besøksvenn inneber både å gje og å få. Det er viktig å kunne lytte og prøve å forstå den andre. Den som er i ei teneste for eit medmenneske vil oftast også få noko verdifullt tilbake.

Besøksvennen og den som får besøk, avtaler kor ofte ein vil møtast. Det kan til dømes vere ein til to timar anna kvar veke. Det vil vere fint med ei varigheit i tenesta, men ein binder seg ikkje til ei bestemt tid.

Kontaktpersonen har ei oppstartssamtale med den frivillige, og følgjer opp med ei samtale årleg eller ved behov. Kyrkja i Gløppen vil samarbeide med Gløppen Frivilligsentral og andre lokale organisasjonar om kurs-tilbod og erfaringsamling for dei frivillige. Døme på tema som kan vere aktuelle å ta opp er teieplikt, korleis vere ein god samtalepartner, og kva vil oppgåvene vere for ein frivillig. Det er eit mål at dei frivillige kan få høve til å vere ein del av eit fellesskap og få inspirasjon.

Besøksvennen har teieplikt. Om det oppstår vanskelege situasjonar kan begge partar søkje råd hos kontaktpersonen.

